

Jan Flekke
 Fjellsendavegen 123
 5911 Alversund
 90 78 20 38

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
3 AUG 2018	
Ark. saksnr. 18/23	Løpenr.
Saksh.	Tilgangskode

Lindås Kommune
 Kvernhusmyrane 41
 5914 Isdalstø

Fjellsende 1.august 2018

KOPI AV BREV/SØKNAD

I år er det 40 år sidan klassekullet født 1962, som dei første tre åra gjekk på Fosse skule på Sellevoll var ferdig me Grunnskulen.

Klassen likte seg veldig godt på Fosse og det var med vemod at ny barneskule vart bygd på Alversund og at alle klassane i skulekrinsen skulle samlast der.

Klassen hadde ynskje om å få fortsetta på Fosse skule når den nye på Alversund vart teken i bruk i 1972. I den forbindelse skal det ha blitt sendt eit brev til kommunen om at dett var eit stort ønske.

I haust skal ein prøva å samla klassen på Fosse skule, som no har vorte grendahus, og det hadde vore så kjekt om me kunne fått kopi av brevet som vart sendt samt kopi av avslag på søknaden.

Beklagar, men har ikkje fleire opplysningar å gje anna enn at brevet må ha vore sendt i 1971/1972.

Håpar på positivt svar.

Med helsing

Jan Flekke